Møre og Romsdal
fylkeskommune

Vestnes kommune
Rådhuset
6390 Vestnes

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
20/04379	27.11.2020	1414/2021/KOMMUNEPLAN/1547	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	20.01.2021

-

Vestnes kommune - kommunal planstrategi 2021-2030 - offentleg ettersyn

Vestnes kommune har sendt framlegg til kommunal planstrategi og planprogram ut på høyring. Plan- og bygningslova seier at planstrategien bør omfatte ei drøfting av kommunens strategiske val knytt til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, verksemda i sektorane og ei vurdering av kommunens planbehov i perioden.

INNLEIING
Denne fråsegna er utforma under ein nasjonal "unntakssituasjon" som opnar fleire scenario som ein ikkje utan vidare kan sjå tydeleg føre seg (corona-pandemien). Kanskje er strategisk samfunnsplanlegging endå viktigare i ein slik situasjon, men med større opning for endringar som må skje i tråd med stadig ny kunnskap. Mellom anna vert beredskapsplan og smittevernplanar plutseleg svært aktuelle og må sjåast i nytt lys. Framskrivingar av statistiske trendar vert også vesentleg meir usikre og må revurderast i lys av situasjonen. Vi vel likevel å ha trua på at ein i løpet av overskueleg tid kjem tilbake til ein normal, men litt endra kvardag.

Planfaglege merknader
Hovudinntrykket vårt er framlegget til kommunal planstrategi er systematisk og ryddig bygd opp, den viser til aktuell statistikk, presenterer hovudutfordringar på bakgrunn av dette og har ei oversikt over planar som skal møte desse utfordringane. Hovudvekta av kommentarane våre er knytt til dei ansvarsområda som fylkeskommunen har.

Regionale planar og føringar
Fylkestinget har nyleg vedteke Fylkesplan for 2021-2024. Dei fire langsiktige utviklingsmåla er:

- Møre og Romsdal skal vere eit føregangsfylke på samarbeid
- Møre og Romsdal skal bli miljøfylke nr. 1
- Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og mangfaldig fylke der folk vel å bu
- Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt leiande næringsliv og ein innovativ offentleg sektor

Kommunane skal legge fylkesplanen til grunn i sitt arbeid. Møre og Romsdal fylkeskommune har revidert kunnskapsgrunnlag som er eit grunnlag for den regionale planlegginga, sjå fylkeskommunen sine nettsider. Her kan ein finne nyttig informasjon. Vi viser også til Fylkesstatistikken 2020.

Nasjonale føringar
Vestnes kommune viser til at FN sine berekraftsmål skal ligge til grunn for kommunen si samfunns- og arealplanlegging og at kommunane er nøkkelaktørar for å realisera ei berekraftig samfunnsutvikling og realisering av berekraftsmåla i Noreg. Det er vist til nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging der det blir poengtert at berekraftig utvikling skal ligge til grunn for all planlegging i kommunen. Dette er positivt.

Her kan Vestnes kommune vise referansar til kommunens konkrete arbeid med berekraftindikatorar. Kommuneplanen bør også vise til andre sentrale nasjonale føringar enn dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging, med ei kort forklaring om kvifor og korleis dei påverkar kommunen si planlegging.

Vi kan til dømes nemne
- rikspolitiske retningslinjer for barn og unge i planlegginga
- nye nasjonale føringar for vassforvaltinga
- nasjonal transportplan (NTP)
- statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- nasjonal sykkelstrategi
- nasjonal gåstrategi
- statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing.

Dersom ein drøftar i dette i planstrategien, så vil ein konkret referanse dit vere tenleg.

Samferdsel
I Nasjonal transportplan 2014-2023 har Stortinget vedteke følgjande overordna mål for transportsektoren: «Å tilby eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennleg transportsystem som dekker samfunnet sitt behov for transport og fremmer regional utvikling.»

Det er fastsett fire hovudmål for framkomelegheit, trafikktryggleik, miljø og universell utforming. Regjeringa har lagt nullvisjonen til grunn for målet om transporttryggleik. Nullvisjonen definerer eit transportsystem som ikkje leier til død eller varig skade på personar. Målet i planperioden er å halvere talet på hardt skadde og daude i vegtrafikken.

Vestnes kommune har i starten av planprogrammet og strategien vist til nasjonale forventingar der det mellom anna blir lista opp følgande under Berekraftig areal- og transportplanlegging:
- Kommunane legg til rette for vekst og utvikling i kompakte og klart avgrensa byområde
- Kommunane legg til rette for høg arealutnytting i byområde gjennom fortetting og transformasjon med kvalitet i omgivnaden
- Kommunane vurderer lokalisering av bustader, handel, service og andre arbeidsplass- og besøksintensive verksemder i samanheng med kollektivknutepunkt
- Kommunane legg til rette for sykling og gange i byar og tettstader, m.a. trygge skulevegar og mellom kollektivknutepunkt og friluftsområde – også for grupper som er mindre mobile

Vi kan ikkje sjå at nasjonale forventningar for berekraftig areal- og transportplanlegging er følgt opp vidare i planprogram/strategi.

Medverking
Barn og unge går, syklar og bruker kollektivtransport i større grad enn vaksne. Derfor er det spesielt viktig å ta omsyn til barns behov i tilrettelegging og utforming av infrastrukturen. Vi anbefaler at kommunen arbeider for at barn, ungdom, kollektivreisande og andre grupper som ikkje har egne interesseorganisasjonar eller av andre årsaker trenger spesiell tilrettelegging, aktivt kan medverke i planprosessen. Det er viktig å vie trafikktryggleik ekstra merksemd i høve bom og unge. I den samanheng kan det vere nyttig å bruke Nasjonal sykkelstrategi og Nasjonal gåstrategi aktivt.

Møre og Romsdal fylkeskommune bidrar gjerne med trafikkdata, ulykkesdata eller liknande om Vestnes kommune ønsker det. Vi viser også til Statens vegvesen sin kartbaserte innsynsløysing vegkart.no som gir innsyn i data frå NVDB.

Kulturminne frå nyare tid
Vi vil sterkt rå til at ein aktivt nyttar lokal kulturminneplan som kunnskapskjelde i samfunnsplanlegginga, også den strategiske.

Den kommunale kulturminneplanen vil vere viktig som reiskap for kommunen som forvaltar av kulturminne. Denne planen vil setje kulturarven på politisk dagsorden, og vil vere ein viktig del av kunnskapsløftet for kulturminneforvaltinga. Eit viktig delmål er å redusere tapet av verneverdige kulturminne. For å oppnå dette er det også viktig å styrke den kommunale kulturvernkompetansen, noko den kommunale delplanen for kulturminne også vil bidra til.

Kulturminne og kulturmiljø er viktige faktorar som bygger opp under stadidentitet og tilhøyrsle. Ein burde derfor også løfte fram bruk og formidling av kulturminne som ein del av samfunnsutviklinga i kommunen. Dette gjeld både nasjonalt, regionalt og lokalt viktige kulturminne. Det er mellom anna eit stort, og ofte urealisert, potensiale som ligg i kryssingspunktet mellom kulturminneforvaltning, samfunnsbygging, formidling og turistnæring. Kulturminne og kulturmiljø er også viktig i samband med oppleving, og som ein læringsarena for lokalbefolkning og besøkande.

Vi har i prosessen knytt til utarbeiding av dei kommunale kulturminneplanane oppmoda sterkt til at den delen av planen som omhandlar handlingsplan eller tiltaksplan vert rullert med jamne mellomrom. Dette er meint som eit middel til målbar aktivitet og til å vere ein pådrivar til at planen ikkje blir liggande i ei skuff utan aktivitet. Vi rår til at handlingsdelen blir rullert i planperioden.

Bibliotek
Vestnes kommune seier dei har som mål å tilby eit godt renommert bibliotek. I samband med dette er bibliotek også noko som kan sjåast i samanheng med sosial berekraft. Godt kunnskapsgrunnlag kan ein finne i dei regionale føringane for bibliotekutvikling i fylkesplan og fagplan bibliotek 2017-2020. Nasjonale føringar finn ein i «Nasjonal bibliotekstrategi 2020-2023: Rom for demokrati og dannelse».

Den nasjonale strategien seier noko om bibliotek og berekraft. Det er ønskeleg at kommunen viser korleis dei ønsker å satse på bibliotek i samsvar med regionale og nasjonale føringar, i eit overordna dokument som kommuneplanen.

INNSPEL TIL PLANARBEIDET
Planfaglege merknader
Eit hinder for at ei kommuneplan skal fungere som politisk styringsverktøy, er at prosessen i seg sjølv tek tid slik at styringsgrunnlaget først vert vedteke med verknad

for neste periode. Fylkeskommunen er derfor positiv til at Vestnes kommune slår saman planane sine og forenklar planlegginga.

Formkrava til ei kommuneplan opnar for ulike løysingar redaksjonelt. Det er likevel nokre vilkår som må bli sett:

- Grunnlaget for prioriteringar må vere tydeleg og kunnskapen etterprøvbar, anten kjem fram i sjølve dokumentet, som vedlegg eller som nettlenker.
- Dokumentet må generelt vere lesbart og forståeleg med logisk struktur
- Dokumentet må synleggjere prosess og medverknad
- Samfunnsdelen må ta stilling også til strategiske element i arealplanlegginga
- Samanhengen i det samla styringssystemet må vere tydeleg, inkludert forholdet til økonomi og handlingsplanar

Eit godt og systematisk planprogram gir godt grunnlag også for det vidare arbeidet.

Tettstadutvikling

Vestnes kommune har over lenger tid jobba med tettstadutvikling, og fylkeskommunen sitt Tettstadprogram har vore med på laget heile vegen. Kjøpmannsgata, Grøntaksen og Sjøfronten del 1 og 2 er kome på plass i spleiselag mellom kommune, fylkeskommune og lokal medfinansiering. Desse byromstiltaka styrkar bruk og oppleving av Vestnes sentrum for mjuke trafikantar, og bidreg både til eit vakrare og meir tilgjengeleg sentrum. Når vi no skriv 2021 jobbar kommunen med å få på plass resten av Grøntaksen, som skal knyte gangaksen frå Stella Maris saman med Kjøpmannsgata og Sjøfronten. Hausten 2020 kom galeasen Søblomsten (verna skip) frå 1864 attende til Vestnes, og skal restaurerast på Kataholmen. Historia om båtbyggarkommunen blir for alvor løfta fram og synleggjort, og sentrum har fått ein ny attraksjon. Det er dei siste åra kome til ei rekkje bustadar/leiligheiter i sentrum. I tillegg blir det jobba med å formalisere eit samarbeid mellom næringsdrivande og gardeigarar for å styrke sentrum ytterlegare. Fleire ting skjer med andre ord samtidig. Vestnes kommune, i tett samarbeid med Vestnes næringsforum, fekk i 2020 løyvd støtte frå Tettstadprogrammet til prosjektleiar som skal bidra til meir samarbeid mellom aktørane i sentrum, koordinering av dei ulike sentrumstiltaka og jobbe for å få på plass finansiering av Sjøfronten del 3. I dette har prosjektleiar også løfta fram at det er viktig å sørge for god kommunikasjon og godt samspel med bygdene.

Vi støttar kommunen sine vurderingar under punkta under fokusområde næringsutvikling, (side 11), der sentrumsutvikling blir løfta fram som eit viktig verktøy for å nå måla om økonomisk, sosial og miljømessig berekraft.

Det er grunn til å understreke at fråver av eit konkurrerande kjøpesenter utanfor sentrum gjer at sjansen for å lukkast med sentrumsutviklinga er vesentleg større, ut frå kjent kunnskap. Det bør difor vere eit viktig mål å ikkje opne opp for handelsetablering (også næringsparkar, kontorarbeidsplassar mm) utanfor sentrum også i framtida i Vestnes.

Så er det freistande å pirke på formuleringa om «fullføring av sentrumsplanen», fordi tettstadutvikling ikkje kan seiast å ha ein sluttdato. Det vil stadig kome nye prosjekt og tiltak som krev strategisk tenking i høve til korleis ein vil at sentrum skal utvikle seg, anten det er behov for oppgraderingar, transformasjon eller fortetting, eller arealdisponeringar utanfor sentrum som vil ha innverknad på sentrum. Difor kan ein kanskje reformulere ved å seie at ein skal «fullføre delprosjekta Sjøfronten del 3 og Grøntaksen». Og så vil vi oppmode kommunen om å halde fram med det svært gode (og langsiktige) arbeidet med utvikling av Vestnes sentrum.

Samferdsel
Det er viktig å ha ein godt samordna areal- og transportplanlegging. Kommunen bør ha ein langsiktig arealbruksstrategi som legger til rette for auka bruk av kollektivtransport, sykkel og gåing som alternativ for privatbil. Dette er viktig både i forhold til klima, miljø, trafikktryggleik og i eit folkehelseperspektiv. Lokal plan for trafikktryggleik bør rullerast jamleg. Vi ser det som positivt at det skal bli utarbeida ny trafikktryggingsplan i planperioden.

Det er viktig at kommunen legger opp til eit utbyggingsmønster i kommuneplanen som varetek trafikktryggleiken, trafikkavvikling og miljøet langs overordna vegnett. Trafikkstøy er eit miljøproblem som råker svært mange personar. Vi anbefaler at samfunnsdelen tar opp temaet vegtrafikkstøy, og at planen seier noko om korleis kommunen gjennom arealplanlegging kan unngå at bustader, skolebarn, barnehagebarn m.m. blir utsett for støyproblem.

Under kapittel 4 Samferdsel og pendling står det at Furneset må bli tilrettelagt for kollektivreiser dersom hurtigbåttilbod blir lagt ned. Det bør stå meir om at Furneset og andre sentrale punkt i kommunen må bli lagt til rette for kollektivreiser.

På side 16, kommuneplanens arealdel, er ikkje berekraftig areal- og transportplanlegging nemnt. Under «næringsareal» og «bustadareal» bør punkta frå berekraftig areal- og transportplanlegging bli fletta inn.

Barn og unge
Barn og unge må ha eit særskild fokus i alle plansaker.

Nesten all planlegging verkar inn på nærmiljø og oppvekstvilkår for barn og unge på kort eller lang sikt. Det er særleg viktig at planprosessar vert lagt opp slik at barn og unge får høve til å delta. Plandokumentet bør synleggjere både korleis denne gruppa har medverka og korleis medverknaden har ført fram til konkrete resultat. Vi viser til rettleiaren «Barn og unge i plan og byggesak», gitt ut av Kommunal- og moderniseringsdepartementet i 2020.

Folkehelse
Folkehelselova pålegg kommunane å legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid, og det er mellom anna eit krav om at kommunane skal utarbeide skriftleg oversikt over folkehelsa.

Under overskrifta vedlegg/linkar på side 3 er det vist til folkehelseprofilen frå Folkehelseinstituttet. Denne utgjer berre ein del av det kunnskapsgrunnlaget som er nødvendig for å få oversikt jf. folkehelselova § 5. Dei grunnleggande prinsippa for folkehelsearbeidet er; helse i alt vi gjer, utjamning av sosiale helseforskjellar, berekraft, føre-var og medverknad. Vi etterlyser derfor ei komplett oversikt, eventuelt konkret referanse til arbeid som er gjort. Side 6 Fylkeskommunen vil også vise til nasjonal evaluering av Nærmiljøprosjektet i høve kva som skaper trivsel og livskvalitet og anbefalingar om gode grep for medverknad: https://mrfylke.no/nyheiter/kvifor-trivst-du

Sjå også rettleiar til systematisk folkehelsearbeid;
https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/systematisk-folkehelsearbeid planstrategi

Akvakultur
Møre og Romsdal fylkeskommune ser det som positivt at Vestnes kommune skal vurdere om IntRo-planen skal bli brukt eller om dei skal revidere sjøarealdelen så den blir meir tilpassa dagens situasjon. Vi ser også positivt på at de skal ha med aktuelle parter som

næringslivet og interesseorganisasjonar inn i arbeidet. Vi anbefaler å invitere inn minimum dei akvakulturaktørane som er etablert i kommunen.

Vassforvaltning
Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion 2016 - 2021 blei godkjent 1.7.2017 av Klima- og miljødepartementet. Forvaltningsplana sett miljømål i vassførekomstar i kyst, vatn og vassdrag og hovudmålet er god økologisk og kjemisk tilstand i løpet av planperioden. Vassforvaltningsplanen skal leggast til grunn i kommunens saksbehandling og verksemd. I tillegg skal planen oppdaterast for perioden 2022-2027 og er ein del av planane linka til under regionale delplanar i vedlegg.

19. mars kom nasjonale føringar for vassforvaltninga. Her er det lagt tydelege føringar for kommunens arbeid innafor avløp, drikkevatn og landbruk m.m. I tillegg skal vassforvaltning bli ivareteke i kommunal arealplanlegging der det går fram av føringane at;

«Kommunene har en særlig viktig rolle i vannforvaltningsarbeidet. Det lokale arbeidet i vannområdane er et viktig grunnlag for det påfølgande regionale arbeidet, og muliggjør lokal forankring og medvirkning, samt innhenting av lokal og erfaringsbasert kunnskap. Kommunene besitter ofte førstehåndskunnskap om vannforekomstenes tilstand og påvirkninger. De er myndighet med ansvar for å treffe vedtak om gjennomføring av tiltak innen drikkevann og avløp, overvannshåndtering, landbruksforvaltning, arealforvaltning og forurensning.Videre er kommunens arealplanlegging svært viktig for å nå målet om god tilstand i norsk vann. Gjennom arealplanleggingen kan kommunen sette restriksjoner på arealbruken for å ivareta naturmiljøet i og langs vassdrag, innsjøer, fjorder og sjøområder, herunder vannmiljø. Det er svært viktig at disse virkemidlene tas aktivt i bruk i kommunenes arealplanlegging for å nå målet om god tilstand i norsk vann. Kommunene vil på denne bakgrunn være sterkt involvert i arbeidet i vannregionen og særlig arbeidet i vannområdene.»

Vatn bør ha ein tydelegare plass i «Nasjonale og regionale forventningar». Meir informasjon finn du HER. Vassforvaltning bør inngå under avsnitta om nasjonale og regionale føringar og forventningar til kommunal planlegging.
Kommunen må vise tydelege ambisjonar om å følgje opp berekraftsmåla. Vassforskrifta bidreg til gjennomføring av FNs berekraftsmål 6, 14 og 15., og det må såleis leggast vekt på arbeidet med vassmiljøet i det kommunale arbeidet, inkludert plan. Vassforvaltning og ivaretaking av natur og naturmangfald bør være eit prioritert område i kommunen sine planer, og kan med fordel inngå som eige fokusområde under «Utviklingstrekk og utfordringar».

Det er viktig at det blir tatt omsyn til vassmiljø i kommunale planar og at det ikkje leggast planar som kjem i konflikt med miljømål fastsett i regional vassforvaltningsplan. Kommunane har som sektormyndigheit på avløp, landbruk og plan ei nøkkelrolle i oppfølginga av vassforskrifta. I planprogram for regional vassforvaltningsplan 2022-2027 kapittel 9.6 heiter det at *I vassregionen er det eit behov for større fokus på landbruk og avløp i kommande planperiode. Sjølv om landbruk og avløp utgjer ein stor påverknad er relativt lite overvaking som er gjort mot desse påverknadane. Samstundes er det foreslått få tiltak i landbruks- og avløpssektoren i regionen. Det er behov for å auke kunnskap om påverknaden, og å foreslå og gjennomføre tiltak i kommande planperiode.*
Ny forvaltningsplan vert lagt ut til høyring frå 1. mars 2021.

Under *avsnittet «Kommunens arealdel»* kan med fordel vassmiljø og ivaretaking av naturmangfald nemnast. Dette vil sikre at vassmiljøet og natur blir betre ivaretatt i kommunal forvaltning og at kommunens plikter etter vassforskrifta blir følgd opp.

Følgande innspel gis til utarbeiding/revisjon av «Handlingsplan avløp»;
Nasjonale føringar for vatn stadfester at «*Alle avløpsanleggene i den enkelte kommune skal oppfylle forurensingsforskriftens rensekrav slik at miljømålene kan nås innen 2027, og senest innen 2033.»*

Sjøområda og marint kunnskapsgrunnlag
Det er positivt at kommunen har prioritert heilskapleg planlegging av sjøareala. Planstrategien/ planprogrammet legg opp til ei vurdering av behovet for revidering av «Interkommunal plan for Romsdalsfjorden». I dette arbeidet må det presiserast at det er viktig at ein ved ein revisjon fortsett legg til grunn ei heilskapleg planlegging av fjordsystemet, i samarbeid med dei andre kommunane i Romsdalsfjorden.
Ei berekraftig planlegging og forvaltning av våre kystområde krev god kunnskap om havbotnen, dei marine ressursane og det undersjøiske miljøet. Det arbeidast for å etablere eit nasjonalt program for å marin kartlegging av havbotnen og det marine miljøet i kystsona. Møre og Romsdal fylkeskommune koordinerer arbeidet for å posisjonere regionen i det nasjonale programmet, noko som vil krevje eit godt samarbeid mellom statlege/ regionale aktørar, kommunar og næringsliv i regionen. Vi oppmodar kommunen om vurdere dette som eit prioritert område i den komande perioden.
Marine grunnkart vil gi detaljerte kart som viser terreng, landskap, sedimenter, planter og dyreliv, sårbare arter og forureining i kystområda. Karta gir dermed forvaltning og næringsliv uvurderleg kunnskap om kva for område som best egner seg for næringsverksemd, for identifisering av sårbare natur- og ressursområder, samt økt sikkerheit og betre kriseberedskap. Dette vil såleis bli eit svært viktig reiskap i kommunen si planlegging og forvaltning i sjøområda.

Landbruk
Jordvern inneber å sikre at den beste jorda framleis blir brukt til å dyrke mat og ikkje omdisponert til andre føremål. I nasjonal jordvernstrategi har Stortinget fastsett eit mål om at den årlege omdisponeringa av dyrka jord må vere under 4000 dekar. Fylkestinget vedtok ved handsaminga av landbruksmeldinga for Møre og Romsdal 2017-2021 at den årlege omdisponeringa av dyrka jord i fylket ikkje skal overstige 200 dekar i 2021.

I dokumentet så nemnes det at Vestnes kommune sikre viktige landbruksområder i eit langsiktig perspektiv, og at kommunen vil følgje ein streng praksis når det gjeld nedbygging av dyrka jord. Samfunnsdelen bør her gi ei tydeleg føring til arealplanlegginga på dette området.

Universell utforming
Vi kan sjå at Vestnes nemner universell utforming i samband med tilrettelegging av turstiar, og det er bra. Universell utforming bør og bli drøfta og nedfelt i kommuneplanen sin samfunnsdel som ei gjennomgåande føring for vidare planarbeid og for sektorane si verksemd.

Det er særleg relevant å drøfte kva dette inneber inn imot sektorovergripande tema som barn og unges oppvekstmiljø, folkehelse, eldrepolitikk, integrering, og inkludering. Det er viktig at universell utforming blir nedfelt både i overordna planlegging, blir konkretisert i detaljplanlegging og blir følgt opp gjennom byggesakhandsaming, kontroll

og tilsyn. Eit samfunn utforma etter prinsippet om universell utforming vil gi moglegheiter til utvikling og utfalding for alle.

KONKLUSJON
I det vidare arbeidet kan Vestnes kommune synleggjere i enda større grad kor overordna mål og strategiar i dei ulike tema og satsingsområdane kan bli konkretisert i kommuneplanens handlingsdel med økonomiplan.

Vi viser elles til merknader ovanfor og ber om at desse blir vurdert i det vidare arbeidet før endeleg planstrategi og planprogram blir vedteken.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Ingeborg Forseth
rådgivar

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Fagsaksbehandlar
Tettstadutvikling: arkitekt Ingvild Gjerdset, tlf. 71 28 03 44
Samferdsel: rådgivar Lisa Enstad, tlf. 71 28 05 40
Vassforvaltning: prosjektleiar klima og miljø, Arne Håkon Sandnes, tlf. 71 28 03 50
Akvakultur: rådgivar Rebekka Varne, tlf. 71 28 03 51

Kopi:
Statens vegvesen
Fiskeridirektoratet
Kystverket
NVE
Mattilsynet
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal